



HØRINGSUTTALE FRÅ NATURVERNFORBUNDET I SETESDAL

Til: Valle kommune

Sak: Kommuneplanens samfunnsdel og arealstrategi 2026–2038 (høyring)

Dato: 25.05.2026

1. Innleiing

Naturvernforbundet i Setesdal har fylgjande innspel til kommuneplanens samfunnsdel og arealstrategi 2026–2038:

Vi vurderer dokumentet som eit viktig steg i retning av ei meir kunnskapsbasert og berekraftig samfunnsutvikling. Samstundes ser vi alvorlege avvik mellom:

- kunnskapsgrunnlaget 2024
- samfunnsdelen
- **planprogrammet for kommuneplanen 2025–2037**
- statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- nasjonal myrstrategi
- nasjonal villreinstrategi
- Naturavtalen (2023)
- plan- og bygningslova §§ 3-1, 4-2 og 4-3

Desse avika må rettast før planen kan vedtakast.

2. Overordna vurdering

Arealstrategien:

- byggjer ikkje på kunnskapsgrunnlaget 2024
- tek ikkje inn over seg statlege krav om arealnøytralitet, myrvern og villreinomsyn
- manglar vurdering av samla belastning og klimaeffektar
- manglar arealrekneskap
- opnar for vidare nedbygging i område som ikkje tolerer det

- bryt med kommunen sine egne mål i samfunnsdelen
- **bryt med sitt eige planprogram (2025–2037)**

Dette gjer at strategien ikkje kan fungere som styringsdokument for arealdelen.

3. Kunnskapsgrunnlaget 2024: Valle har nesten ikkje natur att å tape

Kunnskapsgrunnlaget dokumenterer at:

- berre **8,5 %** av kommunen sitt areal er ubunde
- store delar av planreserven ligg i **myr, karbonrik natur og sårbare villreinområde**
- villreinområdet er **fragmentert og under sterkt press**
- mykje av planreserven er **urealistisk og ikkje gjennomførbar**

Arealstrategien må byggje på dette. Det gjer ho ikkje i dag.

4. Arealstrategien bryt med planprogrammet (formell feil)

Planprogrammet for kommuneplanens samfunnsdel 2025–2037 er eit juridisk styringsdokument etter PBL § 4-1. Det krev at kommunen skal:

- bruke oppdatert kunnskapsgrunnlag
- vurdere naturmangfald, myr, karbonlager og økosystemtenester
- vurdere villrein som ei av dei viktigaste rammene for arealbruk
- vurdere klimaeffektar av arealbruk
- gjennomføre ROS-analyse
- innarbeide nasjonale føringar

Arealstrategien som no ligg på høyring **manglar alle desse elementa.**

Når ein arealstrategi ikkje følgjer sitt eige planprogram, er det ein formell saksbehandlingsfeil. Planen kan ikkje vedtakast før feilen er retta.

5. Manglande lovpålagde element i arealstrategien

5.1. Arealrekneskap manglar

Statlege planretningslinjer (2025) og Naturavtalen krev dokumentasjon av:

- netto nedbygging
- netto restaurering
- utvikling i naturkapital
- arealnøytralitet

Dette manglar heilt.

5.2. Samla belastning manglar (PBL § 4-2)

Strategien vurderer ikkje samla belastning på:

- villrein
- myr og våtmark
- karbonlager
- landskap
- ferdsel

5.3. Klimaeffektar av arealbruk manglar

Statlege planretningslinjer (2025) krev vurdering av:

- karbonlager
- utslepp frå nedbygging
- klimaeffektar av arealendringar

5.4. Myr og karbonrik natur er ikkje behandla som avgrensing

Trass i nasjonal myrstrategi og statlege planretningslinjer.

5.5. Villreinomsyn manglar

Planprogrammet og samfunnsdelen seier at villreinomsyn er ei av dei viktigaste rammene for arealbruk.

Arealstrategien kartfestar ikkje reelle villreinområde og vurderer ikkje randsoner eller trekkruiter.

5.6. ROS-analyse manglar (PBL § 4-3)

Det er ikkje vurdert naturfare, klimaendringar eller sårbarheit.

6. Økonomiske vurderingar

Oxford Research (2023) viser at hyttebygging ikkje gir netto gevinst for Valle. Statlege planretningslinjer (2025) krev vurdering av langsiktige driftskostnader. Dette manglar

PwC (2023) viser at mykje av verdiskapinga skjer *utanfor kommunen*. Dette er ikkje vurdert.

Strategien vurderer heller ikkje:

- karbonlager
- økosystemtenester
- kostnader ved naturtap

7. Økologiske vurderingar

7.1. Myr og karbonrik natur

Arealstrategien må:

- avgrense nye tiltak i myr
- kartfeste karbonrike areal (myr, torvjord og naturskog)
- sikre at planreserven ikkje ligg i konfliktområde

7.2. Villrein

Arealstrategien må:

- ikkje opne for nye inngrep i randsoner
- styrke trekkruter
- vurdere samla belastning

Dette er forankra i nasjonal villreinstrategi, statlege planretningslinjer (2025), planprogrammet og kunnskapsgrunnlaget 2024.

8. Samsvar mellom samfunnsdelen og arealstrategien

Samfunnsdelen seier at:

- naturgrunnlaget skal vere premiss for utvikling
- villrein og myr skal prioriterast
- kommunen skal redusere naturtap

- berekraft skal vere styrande

Arealstrategien tek ikkje inn over seg desse måla.

9. Konkrete krav til endringar

Naturvernforbundet ber om at følgjande blir innarbeidd før vedtak:

- arealrekneskap
- dokumentasjon av arealnøytralitet
- *nullvekst i nedbygging av myr og karbonrik natur*
- *ingen nye inngrep i villreinområde og randsoner*
- vurdering av klimaeffektar
- ROS-analyse for arealbruk
- kartfesting av naturverdiar og konfliktområde
- ei vurdering om planreserven gjennomførbar?

10. Konklusjon

Arealstrategien i samfunnsdelen 2026–2038 har eit godt utgangspunkt, men manglar sentrale element som er nødvendige for at planen skal vere i tråd med:

- kunnskapsgrunnlaget
- samfunnsdelen
- **planprogrammet (2025–2037)**
- statlege planretningslinjer (2025)
- nasjonal myrstrategi
- nasjonal villreinstrategi
- Naturavtalen
- plan- og bygningslova

Vi ber difor om at arealstrategien blir revidert før vedtak, slik at Valle kommune får ein plan som:

- tek vare på naturgrunnlaget
- er økonomisk berekraftig

- er i tråd med loverket
- sikrar villrein og myr
- reduserer naturtap
- byggjer på kunnskap og føre-var-prinsippet

Med venleg helsing

Hanne T. Straume og Karin Bøe, for Naturvernforbundet i Setesdal



Naturvernforbundet
Setesdal